BOKN BYGDABLAD

NR. 5 – JUNI 1999 - ÅRG. 14





Moderniserer – s. 6

10 år etter – s. 8

Fantastisk respons – s. 21

BOKN KOMMUNE

TRADISJONELL NASJONALDAG I BOKN

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

Om 17. mai i år var ein av dei finaste i dette århundret får dei som har levd lenge svara på, men det var i alle fall den siste før Tusenårsskiftet, og det var ein nydeleg dag med solgangsbris frå skyfri himmel!

Deltakarane i Fiskarlaget si kapproing i Krojen fekk flotte forhold, og slapp den mykje hardare nordavinden som ofte rår om våren. Samstundes starta frokost-serveringa i sjøhuset til Ingebjørg og Steinar Alvestad, eit svært populært tiltak med med mykje folk både inne og ute, heilt til toget starta litt før kl. 10.00. Og toget hadde sin tradisjonelle oppstilling med 17. mai-komitéen foran korpset, barnehage, skule og andre interesserte.



Dei populære hestane er sannsynlegvis komne for å bli i toget. Her er det barnehage-barn som kosar seg bak kusk Jens Morten Vatnaland.

Bokn musikkorps var forsterka med Trond Foss og Kjartan Jensen på trommer, Jorid Vea på trombone og far hennar, Svein, på kornett. Ein stor takk til dei! *Ja, vi elsker* ljoma fint utover Alvestad, og dirigent Lillian Grønnestad kunne gleda seg over å leia eit godt korps på nesten 30 personar, for på 17. mai set alle stor pris på at Bokn har eit flott musikkorps.

Dei fleste går inn i kyrkja etter at Fedrelandssalmen er framført ute ved kyrkjegarden, og kyrkja med plass til rundt 250 personar blir fort fyllt opp med stort og smått, som vil få med seg den tradisjonelle høgstunda, der allsongen, som på julaftan, blir ledsaga av korpset i tillegg til orgelet. Denne gong var det forresten berre ei gruppe frå korpset. At alle barna får vifta høgt med flagga sine, høyrer også med i kyrkja på dagen då landet har fødselsdag.

I den sørlege vinden kunne ein i Føresvik høyra at toget kom nærmare og nærmare, og då toget svingde

Den nylaga fana til småskulen (1. – 4. kl.) var det første produktet i Bokn pynta med kommuneblomen (kusomen).

opp til Boknatun for å helsa bebuarane på Sjukestova gratulerer med dagen med korpsmusikk, var det ikkje mange som hadde *gått av* då det tidlegare hadde passert skulen. På bygdas sentrale møteplass blei programmet inne i gymsalen leia av 17. mai – komité-formann Svein Ove Alvestad. Dei som sat ute, m.a. på dei flotte lerkemøblene på austsida av skulen, gjekk ved hjelp av teknikken heller ikkje glipp av den auditive opplevinga.

Mennene bak dei flotte bord-benkene laga av kommunen sin lerkeskog på Boknafjellet, som også kvernhuset skal lagast av (lerk trekkjer ikkje vatn). Her prøve-sitjing av Ottar Håland og Leif Vatnaland i Bokn Bygg sine lokale 14. mai.

Etter ei avdeling med barnekoret, heldt Cathrine Ø. Almås og Helen Grønnestad ein appell. Som i preika til

presten i kyrkja drog dei m.a. fram kontrasten med å feira nasjonaldagen vår i fridom i motsetnad til det grusomme som skjer i Kosovo.

Kl. 12.30 var det klart for mat– og kiosksal. Hovudretten var ein god lapskaus, medan den yngre garde sette mest pris på det speidarane serverte; brus, pølser, snop og is. I tillegg stod laget som vanleg for den populære naturkarusellen. Denne opna halvannan time etter mat– og kiosksalet, saman med barneridinga og karjolkøyringa til BORK og Skyttarlaget sin luftgevær-skyting.



Formann i BORK, Erik Eikje, var blant dei som opplevde konstant kø for å køyra eller ri på hest.

Musikkorpset arrangerte tombola, pil– og ballkast i tillegg til bunadsdokke-lotteri. Barna kunne også vera med på sekkeløp, potet/eggeløp og pilkast på ballongar. Dei leikelystne vaksne måtte klara seg med å sjå kven som kunne slå hardast og mest presist med hammaren. Politikarane stilte opp i handballkamp, der Sp og Krf spela mot Ap og H. Førstnemnde lag vann. Det gode veret medførte at mange var ute og drøste, og det var vanskeleg å finna sitjeplass.

Folkefesten om kvelden var tilbake etter at fjorårets 17. mai-komité valgte å kutta han ut. Den nesten heilt fulle salen gav svar på kva boknarane flest meiner om korvidt festen bør arrangerast eller ikkje. Og det skulle bli ein fin og variert fest, der Sigurd Johnny Svendsen og Arne Hosaas var dyktige konferansiérar i kvar sin del.

Då Lillian Grønnestad på Euphonium med Venevil Birkelund som akkompagnatør framførte *Våren* av Grieg, blei det heilt stille i salen. Ei flott tolkning av eit glimrande musikkstykke sette publikum i den rette, litt høgtidelege stemninga det gjerne er før matøkta på slike folkesfestar. Etter litt allsong, prolog ved Olaug Hognaland og ei lita avdeling med Songkvartetten, var det klart for festtalen. I år hadde tidlegare høgre-politikar og fylkesordførar, Lars Vaage, tatt turen til Bokn. For oppmerksomme tilhøyrarar i nærleiken av talarstolen, kunne ein sjå at raudfargen på 17. mai-sløyfa hans var svært falma. Då han tidleg i talen fortalde at sløyfa hadde fulgt han heilt sidan 17. mai i 1945, kunne ein sjå og høyra fleire imponerte og bekreftande nikk. Og den veltalande og noverande formannen i eldrerådet i Stavanger tok utgangspunkt i dette, og var innom mykje interessant i løpet av 30 min.



Daghild Grønnestad hadde med seg venninna Laila Sivertsen frå Stavanger. Dei to jentene, som representerte Bokn i Fylkes-mønstringa i UKM på Sola i år, lot song– og spelegleden og gode kunnskaper på instrumenta sine smitta over på publikum. Det var fleire enn eg som blei positivt overraska over Laila S. si stemmeprakt og –kontroll og sceneopptreden. Me fekk også høyra songen frå UKM, "Foglongen", ein song som blei plukka ut til turnéen frå UKM, ein turné som blir tilbudt alle ungdomsskulane i fylket, og som Trond Christiansen frå Bokn tidlegare har vore med i. Me håpar at 17-åringane snart kjem att for å kasta glans over eit arrangement!

Etter matøkta stod lokalpolitikk med hjelp av ein liten minirevy i fokus. Ein liten amerikansk-inspirert valkamp blei forsterka av tre songinnslag. Dei same personane som song *Strygevise* i revyen *Sålsen blei det* i 1995, Mona Våga, Dagny Kjellesvik og Wenche L. Havikbotn, innleia minirevyen med å syngja den same songen med nokre tekstforandringar tilpassa situasjonen i dag.

Foto: Venevil Birkelund

Tidlegare ordførar Leif Vatnaland skulle så presentera dei tre ordførarkandidatane; Svein Ove Alvestad (Elisabet Gundersen), Sigurd Johnny Svendsen (Harry Bokneberg) og Arne Hosaas (Olav L. Rossebø).

Ironisk nok spurde den tidlegare Senterpartiordføraren om nokon frå salen ville vera Sp sin ordførarkandidat, då ein sau dekorert med Sp-logoen gjekk over bordet og fann plassen sin. Og som det gjekk fram av siste verset i *årets valsong,* sunge av dei førstnemnde damene:

Bokn's styste parti,
ordførarlause e di.
Itte så longe tid,
slutt på et hegemoni.....

Ordførarkandidatane kom me meiningane sine om tema som befolkningsauke, forurensinga i Boknabergsvatnet, det savna ordførarskiltet, kommuneblomen og pendlarstøtte. Det siste fekk dei ikkje svara på, for då kom ein flokk pendlarar marsjerande inn på scenen. Dei fekk også med seg Elisabet og Olav som då skifta roller. Med majestetisk tromming frå Trond Foss fekk dei klart fram synet sitt om pendlarstøtte til tonen *Stakkars store, sterke karer*, der dei spurde – *Kor e det blitt av pendlarstøttå?*

Dei to siste versa i songen:

Diskriminering vil me jaffal ikkje ha.
Når me betala skatt så vil me jammen ha
litt av det sama så dei andre kanskje får,
ellers tar me med oss skatten når me går.

Huså i Bokn, nei, dei selge ikkje me.
Dei ska me leia ud, du ska nok snart få se.
Der ska bli tyskerar og fine folk frå byn.
Me kan flytta ud og tjena flust med gryn.

Klar tale frå fv. Per Helge Sunde, Frank Karoliussen, June Grønnestad, Elisabet Gundersen, Helge Kristian Nilssen og Olav Rossebø, som alle pendlar til arbeid ut av kommunen.
Foto: Venevil Birkelund

Pendlarstøtte har denne våren vore ein engasjerande sak i samband med behandlinga av *Personalpolitisk plan.* Til orientering gjekk punktet om pendlarstøtte til dei som pendlar inn i kommunen ut av planen på siste kommunestyremøte.

Daghild blei sitjande ved keyboardet etter minirevyen til Laila igjen kom opp på scenen for to nye songar. Det var nemleg Daghild som stod for musikken til revysongane (underteikna supplerte også med å trykka på ein tangent på eit anna keyboard).

Då *Ja, vi elsker* blei sunge til slutt kunne 17. mai-komitéen vera godt nøgde med ein bra arrangert nasjonaldag – ein nasjonaldag der ordførarkandidatane på fleire måtar kom i fokus der dei alle tre viste at talegåvene er i orden, både når det gjeld konferansiérroller og politikarroller – det siste rett nok, på denne dagen, med eit skrått blikk via dyktige sceneaktørar.

17. mai er ein dag som heldigvis blir feira kvart år, men tradisjonelle mønstre kan lett henga seg fast og få unødvendige negative konsekvensar. Ofte skal det lite til for å retta på ting, og det er kanske på sin plass å minna om ting som folk har vore opptatt av i fleire år, og som neste års 17. mai-komité og andre medarrangørar bør få gjort noko med. Dette er ikkje negative oppgulp, men konstruktiv kritikk oppsamla frå kommentarar med håp om at ting skal bli betre:

*** Dei som gjerne vil ha noko å bita i og ikkje minst leska strupa etter eit par tre km gange i steikande solskin, må venta til kl. 12.30 – fire og ein halv time etter at dei første åt frokost på sjøhuset i *Krojen*. Ofte går dette ut over dei minste, som gjerne et frokost enno tidlegare, og som ikkje forstår kvifor dei ikkje får is og brus når dei vil på *barnas dag*. Dei som ikkje går i kyrkja, men rett til skulen, kjem ned der ca. kl. 10.30, og får ein heller kjedelig føremiddag utan aktivitetar og mat. Kva med å starta salet kl. 10.30 for så å ta ein halvtimes pause under seansen kl. 12.00 (12.15)?**

*** Musikkorpset vil høyrast enno betre ut når alle har uniformar, og det visuelle blir i orden. Korpset har spesielt det siste året gjennomgått ei nostalgisk bølge og fått mange vaksne personar, og det må investerast ein god del før alle har uniformar. *Problemet* med klesskifte etter togslutt for dei som er opptatt av det, kan lett organiserast på skulen.**

*** Det siste punktet gjeld alle store arrangement i Bokn, og er minst arbeid å gjera noko med. Dei fleste kommentarane kom etter folkefesten om kvelden; arrangørane må nøye gå gjennom lista over kven som skal få ein oppmerksomhet under arrangementet. Ikkje noko vondt om dei som fekk blomar, men fleire skulle fått når arrangørane valgte å gjera dette. Dersom det blir tatt som sjølvsagt at enkelte personar stadig gjer faste ting utan nokon som helst form for offentleg takksemd, blir dette eit ork og ei negativ plikt for desse, og velviljen opphøyra heilt til slutt.**

OLAUG HOGNALAND SIN PROLOG, 17. MAI 1999

Det gjekk eit tog langs vegen,
det høyrdest trommeslag,
og tonar frå blanke instrumenter.
Musikantar og andre som taktfast gjekk i lag,
våre eigne gutar og jenter.
Syttende mai,
ein dag for små og store,
ein samlingsdag med folketog og flagg.
Og som i alle år,
i kyrkja har me vore,
med takk til Herren på vår grunnlovsdag.
På den loven er vel ikkje alle kjende,
men når den var skapt,
det veit me nok.
Det var i attenfjorten at det hende,
Eidsvollsmenn underteikna denne bok.
Med tida så har nye lovar kome,
ikkje mange utan kamp og strid.
For ein annan lov var tida omme,
den høvde ikkje i den nye tid.
Me minnest nok,
det var i våre grender ein lov som ingen sta-
der stod på prent.
Skulle nokon koma utfor vondt som hende,
var det hjelp å få når det vart kjent.
Var det naud og sjukdom om å gjera,
nabohjelp var slikt ein rekna med.
På dugnadsarbeid ville alle vera,
neste gong dei sjøl kan trengja det.
Nå sit me god og mett i stovevarmen,
og tykkjer det er ikkje til å tru,
det syn som møter oss på TV-skjermen,
om folk som må oppleva krigens gru.
Visst tykkjer me det kunne vore mindre her i
vårt land av diskusjon og strid.
Men gjeld det naud og sår å lindra,
samlast alle gode grefter om å gi.
"Enig og tru til Dovre fell",
sa Eidsvolls alvorlige menn.
Me får tru dei orda ennå gjeld,
at dei kunne seiast igjen.
"Norrønafolket det vil fare",
og dei fer som aldri før.
Haust og vår og sommar både nord og sør.
Sit oppe mellom skyene og kikkar ned på
jord, som fuglen dei kjenner seg frie.
Eller ferdast under djupe fjord,
og kjem alltid fram i tide.
Dei gamle vil ikkje vera verre,
med grågåsa slår dei lag.
Blir dei frosne,
så reiser dei berre,
og kjem att med gauken ein dag.
Men me veit det er mange her i vårt land,
som berre må bli på sin plass,
som har meir enn nok i sin heimlege stand,
og treng ikkje kredittkort og pass.
Det blir aldri likt for alle,
det kan me lita på,
den ting som alle ynskjer,
kan ikkje alle få.
Eit år går så fort,
nå er halve snart gått.
Me takkar for alle dei år me har fått.

I år er det visstnok dei eldre det gjeld.
Tusenåra er også på hell.
Kva det nye blir står att å sjå,
nå er det ungdomen å lita på.
Men me vågar å tru,
det er bruk for oss alle,
og ennå har ikkje Dovre falle.

Den 24. er det sankthans eller jonsok. I middelalderen ble dagen kalt *jonsvaka*. Både Hans og Jon er nordiske navneformer av *Johannes* (døperen), som dagen er tilegnet i kirkekalenderen. Dette var sommerhalvårets viktigste høytid i gammel tid, og flere av de gamle tradisjonene, som å pynte med løv og brenne sankthansbål, går igjen i vår tid. Selve sankthansaften er om kvelden den 23.

Tidligere var sankthansfeiringen preget av grokraften og det nye livet i naturen. Dette var natten da man skulle samle legeurter, og da man kunne få se den man skulle gifte seg med i drømme. En skikk som kjennes fra hele Norden, var å tilbringe sankthansnatten ved en hellig kilde. Der skulle vannet værespesielt helsebringende akkurat den natten.

Frå boka "Som året går"


Foto: Susanne Grønnestad

NYTT UTSTYR OG TEKNOLOGI TIL LODEN LAKS

Tekst og bilder: Reidar Alvestad

Bokn Bygdablad hadde i forrige nr. ein artikkel om avansert griseproduksjon i Våga. Men det er ikkje berre denne delen av primærnæringane i Bokn som kan visa til at dei ligg i teten når det gjeld drift. Me kjenner til at også oppdrettsnæringa har gjort det godt..Ei av desse er Loden Laks, som nå har gått til innkjøp av ein fôringsflåte som er ei komplett totalløysing for fôring av laks. Den kompakte flåten er utstyrt med avansert data- og annan teknologi. Frå opphaldsrommet i flåten skjer all styring og kontroll av fiskefôringa på anlegget i Loden.



Foringa blir styrt frå datamaskin i opphaldsrommet på flåten.

"EN SOMMERAFTEN PÅ BOKN?"

"En sommeraften på Bokn?" sto det i innbydinga som Bokn Bygdablad fekk frå firmaet Loden Laks og Akva ASA. Fredag den 28.mai skulle Akva overlevera sin Hexagon fôringsflåte til Loden laks. Det høyrdes jo spennande ut når det i tillegg sto i programmet at det heile skulle avsluttast med grilla laks og noko attåt.
Det som elles skulle skje denne fredagen ved oppdrettsanlegget i Loden, var demonstrasjon av Akva Hexagon fôrflåte i bruk med produktet Akva Doppler, Akva Camera og Akva Marina med sugesystem. Firmaet Akva ASA på Bryne har levert produktet, og er på verdensbasis ein leiande produsent av datastyrte fôringsanlegg for fiskeoppdrett, og fôringsflåten som nå er levert til anlegget i Loden er den første dei har levert i Rogaland til kommersielt bruk. Elles har dei levert rundt 15 stk av dette produktet i Norge og Skottland. Prisen ligg rundt 2,5 mill. kroner.
Produktet er eit flytande fôrlager som vert levert med foringsanlegg, generator og ulike fasilitetar i tilknyting til opphaldsrommet. Den sekskanta flåten er rundt 10 meter målt tvers over.



Svein Ove Alvestad med fôringsflåten i bakgrunnen.

Programmet for ettermiddagen og kvelden var lagt opp med frammøte kl. 15.00 og avslutning kl. 22.00. Totalt sett var det over 15 personar til stades. Det var representantar frå Akva ASA, frå fôrleverandøren Skretting, inviterte gjester frå andre oppdrettsanlegg, frå bank/ forsikring, fagtidsskrift og tilsette i Loden laks med ledsagarar. Og ikkje minst ordførar Sigrunn Hole Hosaas som skulle åpna flåten ved å starta opp fôringsanlegget.

LODEN LAKS

For å få ein fin sommarkveld mellom holmar og skjer på Bokn, bør veret vera fint. Og i sol og fin temperatur starta det heile opp med ei enkel servering, og ved at Svein Ove Alvestad ved Loden Laks ga ein presentasjon og gjennomgang av firmaet frå oppstarten i 1984 og fram til i dag. Som hos andre oppdrettarar har det gått litt opp og ned, og særleg første del av 90-åra var vanskelege. Men dei seinare åra har vore gode, og firmaet har fornya seg totalt. I 1998 hadde dei ein produksjon på 1070 tonn laks til ein verdi av 27 mill. kroner. Overskotet var 4,6 mill. kroner før skatt.

FÔRINGSFLÅTEN

I ein gjennomgang av det nye fôringssystemet på land ved hjelp av video og orientering, vart det også understreka at oppdrett er ei distriktsvenleg næring, men inneber stor risiko for dei som driv, pluss at det bind opp stor kapital.
Sjølve fôringsflåten er samansett som ein fabrikk i miniformat. Han er sekskanta, og det er 4 siloar for for. Foret blir fylt i siloane frå leveringsbåt, og ein kan ha ulik storleik på pelletsen i dei ulike siloane . Frå opphaldsrommet blir så fôringa styrt til den enkelte merden kor laksen skal ha mat. Slangar er lagde frå fôringsflåten til merdane, og Akva Marina foringssystem tar seg av sjølve fôringa ved at fôret blir ført inn i ein luft-

straum i angitte dosar og går gjennom slangar til dei merdane som skal ha det. Eit Windows basert styringssystem blir nytta, og styringa skjer frå ein datamaskin i opphaldsrommet.



AkvaCamera – det trådlause alternativet.

I sjølve flåten er det 35 tonn stål, og 70 tonn betong som ballast. Dette for at han skal vera stødig også når det er mindre fôr. Han er ankra opp like ved oppdrettet. Hos Loden Laks foregår fôringa nokre timar om morgonen, og tilsvarande om kvelden. I andre anlegg fôrar dei kontinuerleg, men ein har ikkje funne grunnlag for at det eine er betre enn det andre.

SPESIALUTSTYR I DET NYE ANLEGGET

Til det nye anlegget høyrer eit instrument som kallast **doppler.** Dette er ein sensor som er plassert rundt 8 meter nede i merden . Han måler fôropptaket, og når dette avtar, blir fôringa stansa automatisk. Dette vil kunna medføra at nesten ingenting av fôret vil gå til spille. Ein meiner at bruk av doppler kan gi eit potensial på opptil 30% i reduksjon av fôrforbruk. Doppleren er så sensitiv at han registrerar alt som skjer rundt han, men skiller ut dei oppgåvene han er konstruert for å måla.

Til utstyret høyrer også kamera over overflata, oppå doppleren og i botnen av merden. Dermed kan ein på ein TV-skjerm i opphaldsrommet på flåten fylgja med kva som skjer i merdane.

OVERLEVERING OG ÅPNING AV FLÅTEN

Sjølv om utstyret har vore i prøvedrift ei tid, var det fredag den 28.mai den offisielle overleveringa og åpninga skulle foregå. Turen ut til anlegget og den nye fôringsflåten gjekk i den spesialbygde båten " Krojen" som Loden Laks kjøpte inn i fjor. Etter omvising og ny orientering på flåten, fekk Loden Laks v/ Svein Ove Alvestad flåten overlevert av marknadssjef Øyvind Espeland i Akva ASA. Etterpå foretok ordførar Sigrunn Hole Hosaas åpninga ved å starta generatoren. Før åpninga sa ordføraren at ho var imponert over det ho hadde sett ved anleget, og over at eigarane igjen hadde gjort ei stor investering for å vera i front med utviklinga. Ho uttrykte gleda over at Bokn kommune hadde så gode forutsetningar for denne type næring, og viste til at også i kommuneplanen har ein nedfelt at dette er eit satsingsmråde, og at ein må nytta ut at kommunen har gode naturgjevne forutsetningar for næringa.
Etter dette var det full demonstrasjon av korleis fôringa fungerar.



Hovudpersonane ved overlevering og opning: Frå v.: marknadssjef Øyvind Espeland i Akva, ordførar Sigrunn Hole Hosaas og Svein Ove Alvestad.

EI NÆRING I KONKURRANSE

Oppdrettsnæringa er ei næring som må liggja i front på den teknologiske utviklinga for å koma inn på dei ulike marknadane innanlands og utanlands. Laks konkurrerer med produkt som kylling og gris, og pris og kvalitet blir avgjerande om forbrukarane skal velja å kjøpa meir laks. Nokre store aktørar har overtatt mange oppdrett, men Loden laks og fleire andre driv ennå for seg sjølv, og gjer det bra. Næringa gir grunnlag for mange arbeidsplassar i Bokn.

"UTAN MAT OG DRIKKE....."

Som seg hør og bør fekk Loden Laks overrekt gåver både frå utstyrsleverandør, forleverandør og andre. Og inne på land blei gillen tent. Det gjekk ikkje lenge før lukta det grilla laks la seg over området.



ELDREÅRET 1999

SJUKESTOVA 12 ÅR ETTER

Tekst og bilder: Reidar Alvestad

FN sitt internasjonale eldreåt 1999 skal setja fokus på eldre sin livssituasjon. Gjennom ein serie i Bokn Bygdablad har me prøvd å retta merksemda mot eldre sin livssituasjon her i Bokn. Me vil prøva å visa mangfaldet og variasjonane i dei eldre sine livssituasjonar.
Nokre av dei menneska me har presentert, har til dels hatt svært god helse. Dette har dei sjølv bidratt med ved fysisk og anna aktivitet.
Men det høyrer til "sakens natur" at med høgare alder aukar faren for at menneska blir meir eller mindre skrøpelege, og difor har samfunnet førebudd seg på dette v ed å leggja til rette hjelpeordningar for eldre som treng det. Ei par av desse tiltaka er sjukeheimar og omsorgsbustadar.

FØR 1987

Bokn kommune hadde til rundt 1960 ein gamleheim i Føresvik kor dei eldste som trong hjelp kunne bu. Men etter kvart dukka det opp fleire og fleire sjukeheimar i dei større kommunane som fylket hadde det økonomiske ansvaret for, men dei tre minste kommunane i Rogaland som alle var øykommunar, hadde ikkje sjukeheimar. Desse måtte søkja sine hjelptrengande eldre til sjukeheimar som låg i andre kommunar. På grunn av avstanden og dei tungvindte kommunikasjonane mellom heimstad og sjukeheimskommune, var det mange som heller ville vera heime, og då måtte dei pårørande ta seg av den enkelte, med noko hjelp av heimesjukepleien.
I den såkalla BUK-perioden, (Bokn, Utsira, Kvitsøy), kor det vart satsa spesielt på at desse tre små øykommunane skulle få kombibygg med plass til m.a. sjukeheim og kommuneadministrasjon, kom så realiseringa av sjukeheimar i desse kommunane. Sjukeheimane var så små at ein i utgangspunktet meinte dei skulle fungera på ein enklare måte enn ordinære sjukeheimar. Difor kalla ein det for sjukestover. Etter kvart har det vist seg at desse institusjonane sjølvsagt har dei same lovane og forskriftene å fylgja som alle andre, og treng på same måten å fylgja opp arbeidet slik at bebuarane er sikra omsorg og pleie som har lik kvalitet som elles i landet. Nåverande jukestove i Bokn vart opna hausten 1987, og hadde 6 døgnplassar og 1 dagplass.

"ELDREBØLGEN"

Den såkalla "eldrebølgen" har det fleire gonger med stor styrke blitt advart mot, som om det skulle vore ein epidemi som kom setjande. For Bokn sin del var det merkbart press i eldreomsorga i første del av 90-åra, og då sentrale styresmakter kom og tilbaud støtte for kvart einerom ein ville byggja på sjukeheimar, og for kvar omsorgsbustad ein bygde, satsa Bokn på utbygging i denne sektoren. I 1995 sto det ferdig ein ny fløy ved sjukstova slik at det totale sengetalet vart 11. I tillegg fekk ein betre vaktrom og fellesrom for bebuarane. Kommunen bygde også 6 omsorgsbustadar.

Utsnitt frå enkeltrom i den nye avdelinga på sjukestova.

HAR BOKN EI GOD ELDREOMSORG?

Dette spørsmålet er det nok delte meiningar om, alt etter kven du spør. Når det gjeld plassforholda ved sjukestova, har det dei seinare åra vore litt varierande, men det er ikkje uvanleg at det er fleire inne enn ein har rom til, og då vert gangen nytta, slik som den siste tida. Omsorgsbustadane har vore fullt belagde sidan dei vart bygde, og det er etterspørsel som ein ikkje kan tilfredsstilla i dag. Nå har imidlertid styresmaktene på ny lagt inn store tilskotsordningar til dei kommunane som byggjer ut sjukeheimar og omsorgsbustader, og Bokn kommune har likt med andre kommunar, utarbeidd ein plan for eldreomsorga. Her er det planlagt å byggja fleire omsorgsbustadar. Desse kan også nyttast som bustader for funksjonshemma.
Dersom ein spør pleie- og omsorgspersonalet i kommunen om me har ei god eldreomsorg, tippar eg at me vil få eit betinga ja. Dei signala ein får, går på at dei hjelptrengande får nødvendig pleie, men at omsosorgsdelen som går på å kunna gi meir tid til dei hjelptrengande, føles mangelfull. Omsorgspersonane føler dei har det travelt, og må forlata den enkelte når han eller ho har fått påkrevd hjelp. Det blir ikkje tid til den sosiale delen som går på tilrettelegging av aktivitetar, eller det behovet som mange føler det er for samtale, for sosialt samver og omsorg.
Ved at det for ei tid sidan vart auka bemanning på natt, har ein fått meir reell døgnteneste for heile kommunen, i og med at ein av pleiarane nå kan reisa ut i pleieoppdrag utan å tilkalla bakvakt.

Gunn Grønnestad som er seksjonssjef for helseavdelinga i Bokn, seier til Bygdabladet at ho merkar at det har endra seg når det gjeld bygdafolket sitt forhold til sjukestova. Tidlegare var det mange som kom innom og såg om naboar og kjende. Det verka som dei tenkte at dette var bygda si sjukestove som dei kunne gå innom når dei hadde lyst. Og det er slik ein ynskjer det. Folk behøver ikkje ha nokon slektning eller nære kontaktar for å sjå innom. Men dette har avtatt. Sjukestova og bebuarane treng besøk. Det er særleg på ettermiddagstid og i helger det kan bli stille for bebuarane.

DAGSENTER

Eldrerådet i Bokn har engasjert seg sterkt for å få til ei dagsenterdrift for eldre i kommunen. Dei har nå bede helseseksjonen om å undersøkja om dette kan la seg realisera så snart som muleg i eksisterande lokale. Dei meiner at den drifta som var i ein periode tidlegare, var svært positiv for mange eldre som bur heime og treng kontakt med andre.

Fine fellesareale i den nye delen av sjukestova.

GOD STANDARD PÅ SJUKESTOVA

Gunn Grønnestad ynskjer å trekka fram den gode standarden som er på sjukestova for bebuarane. Dette gjeld særleg den nye delen, kor det er einerom med eige bad og tekjøkken med unntak av eitt rom. Den "gamle" delen av sjukestova treng oppussing av romma, men elles er fellesromma lyse og trivelege, med godt og fint møblement.

DEI OVER 80

Ein reknar at det er dei eldste eldre som treng mest pleie og omsorg, og at det er prosentdelen eldre over 80 år i forhold til resten av folketalet i ein kommune som gir ein peikepinn om behovet for omsorg og pleie, og dermed kor mange sjukeheimsplassar, omsorgsbustadar og kor stor bemanning ein treng. Den siste oversikta me har viser at rundt 31 personar i Bokn er over 80 år, men at dette talet er aukande.

DEI ELDSTE

Men det er ikkje alle dei over 80 som har behov for pleie og omsorg, og faktisk er det slik i vår kommune at dei to som er aller eldst, Elisa Ognøy (92), og Toralf Øvrebø (snart 92) har vore av dei som har budd lengst heime berre med litt hjelp. Eg traff dei begge på sjukestova. Toralf har eit opplegg kor han er på sjukestova kvar 3. veke. Elles bur han heime med litt hjelp. Denne ordninga deler han med to andre bebuarar. Elisa (Lisa) har budd fast heime heilt til den siste tida, men nå er ho berre heime av og til i helger og liknande. Det er forbløffande å oppleva desse to menneska som ennå har livsgleda og forteljarevna i god behold. Begge to kunne ha fylt mange sider med interessant stoff, men denne gongen blir det berre ein smakebit.

ELISA OGNØY

Elisa som er fødd på Vatnaland, var yngst av 5 sysken. Ho fortel meg litt om livet då ho var ung. Etter at ho var konfirmert arbeidde ho som tenestejente på fleire gardar i Bokn. Dette var nokså vanleg for unge jenter på den tida. Ho fortel om kosthaldet, og kor viktig fisk og sild var. Dei henta sild og fisk i Lauplandsvågen. Så var det å salta, og ein god del tørka dei, både av sild og sei. Kornet mol dei innerst ved Lauplandsvågen ved bekken.



Elisa synes det er greit på sjukestova. "Men eg likar meg best heime". Og difor er det greit at pårørande hjelper henne slik at ho av og til får vera heime i helgene. "Eg er mest forundra over kor fort tida har gått", seier ho når me snakkar om at ho er den eldste på Bokn.

TORALF ØVREBØ

Du kan ikkje ha ein liten samtale med Toralf utan å få med deg ei god historie eller gode replikkar med glimt i auga. Umåteleg pris set han på familien rundt seg og olderbarna.

"Når eg har vore ei veke på sjukestova, så er det nok og. Heime styrer eg meg sjøl. Eg et når eg er svolten, og legg meg når eg blir trøytt. Komla lagar eg av halvfabrikata i pose. Oftast er eg ferdig med middagsstellet klokka 11! Eg gir sikkert olderbarna for mykje snop. Då

seier mor deira at eg får betala tannlegerekninga".
Han fortel at han har prøvd mykje i livet, men har vore heldig med helsa. Han hugsar tilbake då det vart bygd båtar i Gongstø. Det var Daniel Øvrebø og broren Andreas saman med Ånen Øvrebø. Det var mest fiskebåtar dei bygde. Som liten unge fekk han vera med og klinka båtane og prøva motoren når han var innstallert og skulle prøvast i Boknasundet.
Toralf fortel om handelsmannen Torvald Øvrebø som i barndommen hans dreiv krambu i Øvrabøvågen frå det huset som Rolf Jensen nå bur i (jfr. forrige bygdablad). Frå Våga måtte dei gå over heia for å handla. Handelsmannen sjølv måtte ro til bakeriet i Alvestadkroken for å henta ferske brød. Men mange hadde ikkje råd til å kjøpa brød, og baka heime. Og det meste hadde dei heime av det dei trong av mat. Også klærne laga dei sjølv. Strikka og vov.
Toralf gir uttrykk for at han trives. Han har ei positiv innstilling til livet, og tar omstillingane som kjem. Når han er heime, saknar han dei tidlegare naboane Elise og Ingebjørg som er gått bort. Dei kom av og til kom innom på besøk når dei gjekk tur..
Toralf kunne nok ha mange lengre historiar frå livet sitt. Sjølv har eg tidlegare hatt gode samtalar med han omkring mentalitet og folkeliv på Helgeland kor me begge budde i kvar vår by ein periode på 70-talet. Men det får kanskje bli ei anna historie.

På lag med naturen

Saksa frå Gazette 21/99



Ordfører Sigrunn Hole Hosaas og prosjekt-direktør Roar Jensen i Europipe II fekk demonstrert moderne landskapspleie denne uken. I utmarken på Bokn får naturen hjelp til selvhjelp. Om en del år vil sporene etter det nye gassrøret være skjult.

Landskap og vegetasjon skal så langt som råd er bygges opp igjen, der leggingen av de nye gassrørene fra Kårstø har skapt sår i naturen. Lokale lyngheier er støvsugd for frø som seinere er sortert og siktet. Frøene blir sådd ut igjen, samtidig som større lyngplanter, einer og lauvtrær blir satt ut i "øyer" i terrenget. Toppjorden som ble fjernet da gravemaskinene rykket fram, er tatt vare på og lagt på plass. Dette er masser som inneholder både frø og rester av planter som vil etablere seg på nytt. I sum, skal dette gi et landskap som glir naturlig inn i omgivelsene.
- Jeg har tidligere sagt at Bokn kommune og Europipe II skal bli et utstillingsvindu for god miljøpolitikk i praksis. Det er en uttalelse jeg holder fast ved, sier ordføreren i Bokn.
Arbeidet med å tilbakeføre landskapet på Bokn etter leggingen av Europipe II, vil bli fullført i løpet av sommeren.

Lyngplanten Sigrunn Hole Hosaas og Roar Jensen her studerer, er en av mange tusen som nå plantes ut i traseen etter Europipe II.

EP II-landrør trykktestet

Natt til 24. mai var Europipe II mellom Kårstø og Trosnavåg på Vestre Bokn ferdig trykktestet med godt resultat. Arbeidet med å tømme landrøret for vann og tørke det, starter i begynnelsen av neste uke. Parallelt med dette pågår forberedelsene til vannfylling av sjørøret mellom Trosnavåg og Dornum i Tyskland. Også den operasjonen starter i neste uke.

BESSEDE

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

- Og bessede så va det slutt, sa produksjonsleiar i Haugesund teater, Bjørn Toft, etter at ca. 40 stk. hadde sunge allsongen Tenk, hvor i gamle dage saman med Fylkesmusikarane og førstnemnde.

Då hadde Toft og Fylkesmusikarane tatt oss tilbake i tekst og tonar i fem kvarter. – Konserten blir lenger og lenger for kvar gong, sa cellist Dagmar Halvorsen etter forestillinga. Akkurat **det** var ikkje vanskeleg å forstå, for Bjørn Toft var i kjempeform, og la opp til ei uformell, humoristisk og nostalgisk stund med glimt i auga, kvikke replikkar, samtalar med publikum og sjarmoffensiv mot damene, m.a. med å by opp til tango. – Haugesunderar e egentligt tysværbuar så ikkje nådde båten (Amerikabåten), sa han då han tok for seg den tida, mens latteren satt laust i Allrommet denne siste torsdagen i mai. Etter at publikum hadde forlatt rommet sa han at han eigentleg ville brukt ein skodespelar til å bindasaman musikken med dikt, o.l, men eg trur me skal vera glade for at det ikkje blei noko av. Stunda hadde då fått eit heilt anna preg, i negativ forstand.



Steinar Pedersen, Arild Halvorsen og Bjørn Toft i Ja-Da – det svingte skikkeleg!

Dei som trur at Fylkesmusikarane er *alvorlege folk som utfører kunstmusikk*, må tru om igjen. Særleg på 90-talet har dei også vist det motsette i Bokn. Eg kan t.d. nemna samarbeidskonserten med skulekorpset under Grieg-jubiléet, kyrkjejubiléet og skulekonsert. På dette "torsdagstreffet" viste dei igjen at dei spelar all slags musikk, og også i ulike kostymar, som særleg vokalist Toril S. Sæbø tok seg av, der ho gjennom heile reisa blei kledd på av den glimrande fortellaren. Og her fekk me høyra alt frå *Fola, fola blakken* til amerikansk musikalmusikk. Det svingte godt av musikarane i Allrommet, der det var trangt om plassen, og stolar måtte bærast inn.

Utøvarane var nøgde med eit godt og interessert publikum, og var svært takknemlege for den servicen dei fekk, med nysteikte vafler og kaffi, både før og etter konserten.

"~~Vi har ei tulle med øyne blå~~" - Toril S. Sæbø under barnepotpurriet

~~Bokn Sanitetsforening har~~ her eit kjempearrangement, som også er midt i blinken for denne type arrangement, og Bjørn Toft sa at dei gjerne kjem att snart. Bokns største, faste vekentlege kulturarrangement må halda fram. Ulike signal kan oppfattast som om Saniteten har køyrd seg litt fast og gått seg leie med små ressursar, og har vanskar med å starta på nytt etter ferien. Eg håpar dei finn løysingar, gjerne med andre lag og foreningar eller andre ressurspersonar, slik at dette arrangementet, som betyr mykje for mange folk i alle generasjonar, kan halda fram.



Bjørn Toft kler opp Bjørg Alvestad med hatt. Tv. Erna Aksdal som han dansa tango med.

SERIE NYTT I BØKN!

Bokn bygdablad presenterer nye ting som skjer i bygda, aktivitetar som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Tips oss!

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

Han var med Nedstrand og slo A-laget i Bokn 7-2 i 1987. Det skulle gå 11 år før han kom til Bokn igjen, nærare bestemt 03.08.98, då han byrja som jordbrukssjef i kommunen.

Den snart 39 år gamle Bjørn Bruaset frå Etne bur på Karmøy saman med kone og tre barn. Det har han gjort sidan 1989 då han tiltrådte stillinga som jordbrukssjef for Karmøy og Utsira. Året etter kom også Haugesund med i samarbeidet. Bjørn høyrer med til dei som gjekk ni år på skulen etter ni års obligatorisk grunnskule, og han har seks år landbruksutdanning bak seg. M.a. spesialiserte han seg i jord– og plantefag på Landbrukshøgskulen på Ås. Han søkte seg til Tysvær og Bokn for å få nye utfordringar, få jobba i eit miljø med meir landbruk.

Kva jobbar så ein jordbrukssjef med? Bjørn fortel engasjert at han skal iverksetja landbrukspolitikken i kommunen. – Eg skal m.a. gjera til kjenne for aktuelle boknarar kva for nokre statlege ordningar så til ei kvar tid gjeld, samt å fokusera på mulegheter, finansiering og tillegsnæringar med utgangspunkt i kva behov bøndene i Bokn har.
- Landbruksforvaltninga dreier seg ikkje berre om jordbruks– og skogbruksområder i dag, men også om heile samfunnet. Derfor er ikkje denne forvaltninga berre for bøndene, men for alle, seier Bjørn, som sjølvsagt også er saksbehandlar i jordbrukssaker i kommunen.

Som det står på siste side av bladet, treffer du Bjørn på fredagar på Boknatun, og han er blant dei som flyttar til dei nye kontorlokala i gamle postkontoret. Når alt er på plass vil du finna han i kontoret nærast banken. Med begrensa antall timar berre ein vekedag i Bokn, er det ikkje alltid han er like tilgjengeleg. Bjørn kan t.d. vera ute på befaring, mens andre dagar kan vera rolegare. Du kan også ringja eller gå innom han på rådhuset i Aksdal dei andre vekedagane.

Blant dei 60 bøndene i Bokn er 21 melkeprodusentar. Det er gjerne desse som er heiltidsbønder, og dei står for det faglege, og er sjølve



ryggraden i landbruket. Men det blir stadig færre og færre av dei, og det vil bli merkbart dersom faget blir utvatna på sikt. Derfor er det viktig å leggja godt til rette for dei som driv med melkeproduksjon, og vera realist – ikkje pessimist, fortel Bjørn, som likar å fiska og er ein ivrig radioamatør.
Frå sentralt hald kjem det nemleg signal om at økonomien i melkeproduksjonen framover ikkje blir betre, kanskje snarare tvert imot, m.a. med tanke på forandringar i samfunnet der t.d. cola og solo tar over, og folk sitt melkebehov blir redusert.

Sjølv om pessimistane blir fleire og fleire med tanke på rekrutteringsproblem meiner den entusiastiske jordbrukssjefen at boknarane må utnytta dei naturgitte fordelene kommunen har å by på, med lang vekstsesong og høve til å ha beitedyr ute store delar av året, og han er optimistisk med tanke på at unge folk, som er klar over pluss– og minussidene, vil satsa på dette yrket.

HESTEPRESENTASJONAR AV BORK-MEDLEMMER

BJULIN!

HEISANN!

Eg vil gjerne fortelle litt om meg sjølv og hesten eg rir, nemleg Bjulin.
Eg er 10 ½ år og bur i Føresvik saman med mamma, pappa, lillesøstera mi Audhild og katten vår, Pus.
Eg begynte å ri hos Erik Eikje for ca. 3 ½ år sidan, i tillegg så har eg gått på fleira av kursa som BORK har hatt.

Bjulin er ei fjordingshoppe på ca. 15 år. Ho går på Ognøy saman med fire andre hestar, og det er Erik Eikje som eig hestane.
Bjulin har eit føll som heiter Respons, han er to år den 4 juli.
Fargen til Bjulin er mørk blakk, og ho er ein snill og barnevennleg hest.
Ho er kjempegod å ri, og me har hatt mange lange, fine turar saman.

Nå rir eg annan kvar mandag og kvar lørdag. På mandagene har me ein rideinstruktør frå Haugesund som heiter Linda Madsen Lode, ho er kjempeflink (og grei).
På lørdagene er me ein gjeng med jenter som rir i lag. Eg rir som regel Bjulin, men av og til rir eg også andre hestar.

Eg og Bjulin har vore på fleire stevner og konkurranser, og me har to rosettar og mange diplomar til no.
6.juni har Bork sprangstevne og grillkos på Ognøy, og då skal Bjulin og eg delta.

Eg har vore medlem av Bokn Ride- og Kjøreklubb sidan hausten 1996. Der har me det kjempekjekt, så det er berre å melde seg inn for den som har lyst.

Veronica Sæbø



Veronica og Bjulin.
Foto: Elin Thorsen

ELLIS!

Hei!

Eg vil skrive litt om meg sjølv og hesten min, Ellis.
Eg bur på ein gard på Ognøy med 7 hestar (med Ellis), 3 hundar, 180 sauer, 6 værer og 330 lam.
Ellis er født i 1989, ho er ein lysebrun araber med 4 kvite føtter og kvitt bles i panna.

Når Allah skulle skape arabarane, meldte han ørkensand og sønnavind i saman. Eg rir sprang og dressur med henne. Ho er veldig god til å hoppe, men blir litt nervøs av og til.
Eg rir på Ognøy med nokre andre venninner.

Ridelæraren min heiter Linda Madsen Lode og er kjempegrei.

Egentleg låner eg Ellis av Terje Torgersen for å konkurrere med henne.

Eg og Ellis har vore med på 2 sprangstevner, eit på Haugaland ridesenter og eit på Ognøy. Eg er med i Bokn ride– og kjøreklubb (BORK), med i klubben er ca. 90 medlemmer.

Helsing Emilie og Ellis



Emilie og Ellis. Foto: Elin Thorsen

NORGE 2000

Bokn kommune

Bli med på Tusenårsmarkeringa – din einaste sjanse!

Som andre kommunar i landet vil Bokn markera at me går inn i år 2000. Korleis Bokn vil feira denne historiske hendinga kan du lesa om i Bygdabladet gjennom heile 1999, under ein fast logo frå NORGE 2000 AS.

av Jardar Havikbotn

Tusenårsilden, som skal brenna over heile landet nyttårsaftan kl. 17.00 – 18.00, er Tusenårsskiftet – Norge 2000 AS sitt største prosjekt i overgangen til det nye årtusenet. Me skal bruka det eldgamle kommunikasjonssystemet vardane representerer til å spreia eit fredsbodskap, setja fokus på historia og kulturhistoria vår, og bruka vardane som utgangspunkt for kultur og friluftsaktivitetar og skapa fellesskap i nærmiljøet.

Opprinneleg blei vardane bygde på godt synlege åsar og fjelltoppar, slik at varsel om fare og ufred raskt kunne vidareformidlast. Med støtte frå UNESCO og i samarbeid med Redd Barna kan me i dag nytta dette landsomfattande kommunikasjonssystemet til å signalisera vår tids behov – **eit ynskje om fred i det nye årtusen**.

Norge 2000 samarbeider m.a. med Norges Speiderforbund om dette prosjektet, og i Bokn er speidarane utfordra til å vera med på dette, saman med brannvesenet. Det er sjølvsagt Vardafjellet og Boknafjellet som er aktuelle i dette prosjektet, og som er opprinnelige vardeplassar. I ein kommuneoversikt og vardestader i Rogaland er Vardafjellet på Austre Bokn tatt med, men alt tyder på at også Boknafjellet er ein slik plass:

Frå Bendix Christian de Fine: "Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse 1745", Stavanger 1987, s.54ff.

"Fleere saadanne Fielde er for landkienning den Søefarende til nytte; Saa er og i Krigs tiider paa eendeel meest kiendeligste Fielde og Bakker i landet opsatte Vedvarder og varde-Huusse, som Norske Lov pag.531 ommelder, hvor der da holdes daglig vagt for Fientlig jndfald". Sidan fylgjer opprekning av vardar på Jæren og i Dalane. "Samt udj Ryefølche Fogderie fornemmelig disse 2de sc. Buken og Bierge, hvilken sidste er den Nordeste Vedvarde i Carmsund og Stavanger Amt".

"Disse og alle Vedvarderne i Norge Lod Kong Hagen Adelstein, omtrent Ao.964 eller ved de tiider først forordne og oprette Sturl. Pag.80".

Sannsynlegvis betyr sc. Buken Store-Bokn, altså Vestre Bokn. SC kan også tydast ST.

200.000 TIL TUSENÅRSPLASSEN

Det har vore litt fram og tilbake omkring desse pengane i årets nasjonalbudsjett, og ein er frista til å ikkje tru det før ein får sjå det, men det framgår av meldingar frå Kulturdepartementet (KD) at kvar kommune skal få kr. 200.000 til etableringa av ein Tusenårsplass. Tilskotet skal utbetalast direkte til kommunen frå KD utan forutgåande søknad.

Tusenårskomitéen skal ha eit nytt møte i juni, og eg vil forhåpentlegvis koma med meir Tusenårsstoff i neste nr.

TA DEG EIN TUR PÅ BOKNAFJELLET

Det er på sin plass å nemna at Bokns landemerke har fått ein fin postkasse montert på eit flott postkassestativ oppe på toppen. Oppi den ligg ei gjestebok kor folk skriv namnet sitt, og til nyttår skal det trekkast ut ein premie blant namna.

Den sporty ordføraren vår tok med seg mannen, Arne, og jogga opp for å opna boka.



JULIUTGÅVA

P.g.a. av ferieavvikling på trykkeriet blir frist for levering av stoff til dette siste bladet før ferien den 21. juni, og for innsending av "På kryss og tvers"-sidene blir det 24. juni.

Bladet er venta ut 10. juli.

5. KLASSE SAMLAR INN PENGAR TIL REDD BARNA I GUATEMALA OG KOSOVO

Tekst & foto: Siri Håvik

I eit klassemøte i vår bestemte 5. klasse seg for å bli fadder for eit Redd Barna skuleprosjekt i Guatemala . I Guatemala City er det mange born som må arbeida for å hjelpa familien med inntekter, og difor kan dei ikkje gå på skule. Det prosjektet 5. klasse støttar heiter PENNAT, og det syt for at born som arbeidar får høve til skulegang i eller etter arbeidstida si.

Klassen skal støtta prosjektet med 120 kroner kvar månad, og klassen hadde fleire idèar til korleis dei skulle få inn pengar. Veronika Sæbø og Rebecca Sæbø hadde miniloppemarked. Odd Kenneth Tollaksen, Alexander Thuestad, Eirik Vea og Tom Are selde vafler, pannekaker, kaffi og saft til turgåarar og arbeidsfolk. Emilie Moi Eikje panta flasker og selde skillingsbollar på skulen. Bjarne Nedrebø, Jan Tore Kro, Merete Bryningsland, Anita Øvrebø, Irene Kro, Veronika Øvrebø og Lisbeth Jøsang selde vafler på skulen.

Bak fv. Irene Kro, Merete Bryningsland, Anita Øvrebø, Rebecca Sæbø, Veronika Sæbø, Lisbeth Jøsang, Tom Are, Eirik Vea og Bjarne Nedrebø.
Foran fv. Veronika Øvrebø, Odd Kenneth Tollaksen, Emilie Moi Eikje, Jan Tore Kro og Alexander Thuestad.

Tilsaman fekk dei inn 1722 kroner. Dei skal setje halvparten av pengane på ein klassekonto til PENNAT-prosjektet, og resten skal dei gje til Redd Barna sin aksjon "Barn hjelper barn i Kosovo". 5.klasse sender ein stor takk til alle som støtta dei !

Hva er sommer?

I almanakken varer sommeren fra 1. juni til 1. september, og omfatter altså månedene juni, juli og august. Temperaturmessig er sommeren den delen av året som begynner når middeltemperaturen for hele døgnet kommer over ti grader om våren, og slutter når middeltemperaturen synker under ti grader om høsten.

Ikke uten grunn er Sørlandet et populært reisemål i sommerhalvåret. Der begynner sommeren midt i mai og varer til september/oktober. Enkelte steder på Sørlandet har hele 145 sommerdager i året. Den andre ytterligheten finner vi i Finnmark. Der er det steder som ikke har sommer i det hele tatt, når vilar temperaturen avgrense årstidene.

I Oslo er det sommer fra siste halvdel av mai til siste halvdel av september. I Trøndelag må de vente på sommeren til første halvdel av juni. Det samme i kyststrøk på Vestlandet. Varmerekorden ble satt på Nesbyen i Hallingdal i 1970 med 35,6 varmegrader.

Frå boka "Som året går"

VÅTE SOKKAR

Tekst & foto: Kjetil Hamre

Marius, Andreas, Oddgeir, Remi Andre og Kaj Raimond er klare til å avdekke Boknabergvatnet sine løyndomer!!!

Våte sokkar, våte støvlar, våte bukser, våte barn. Barnehagen er på tur til Boknabergsvatnet. Med bøtter og spann, håvar og pågåhumør blir det fanga dyr som sym og kravlar. Fangsten blir studert nøye før han blir tatt med tilbake til barnehagens egne akvarier.

Borna har sett korleis små augestikkarlarvar kryp opp av vatnet for å skifte ham og bli til ein flygande luftakrobat av ypperste merke. Livet under vassyta er full av spenning og dramatikk. Vårfluelarvar bygger eigne hus av små sandkorn og anna rask som ligg på botnen. Her er dei trygge mot rovinsekter og fisk som kunne tenka seg eit lekkert måltid. Med forstørrelsesglas vert dei små krypa til digre monstre som kunne skremma nøkken sjølv opp på tørt land, men born frå Bokn barnehage vert ikkje skremt av dette. Når sommaren slår til for fullt vil dei ikkje nøla med å bada, hverken i sjø eller vatn.

Det er gledeleg å se at livet i Boknabergsvatnet ikkje ser ut til å ha tatt nevneverdig skade av slammet som farga heile vatnet koksgrått i haust. Her er det eit yrande liv som bare ventar på å bli oppdaga av små og store tofotingar med oppdagarlyst! Det er spanande å sjå det mangfoldet som er i vatnet. Borna spør ofte meir enn me vaksne kan svara på, men det er bøker med fine bilder og tekst som kan hjelpa oss alle når det er noko me ikkje forstår. Er veret bra i morgon kan det henda at me kan ta ein tur til vatnet og fanga nye dyr, viss ikkje kan jo fangsten frå i går studerast nærare i akvariene.



Er det noko spanande i bøtta??? Marius og Kaj Raimond.



Remi Andre ser spent i håven. Kva er det som kryp der????

SERIE GLIMT FRÅ BOKN!

I serien GLIMT FRÅ BOKN! presenterer Bokn bygdablad ulike avisutklipp frå Bokn-historia. Denne gong kan du lesa om taubanen på Boknafjellet.

Taubane til Boknafjellet er nå bestilt

Fjernsynsmasten blir 150 meter høy

Oslo (fra vår medarbeider) -

Taubanen som skal settes opp på Boknafjellet i forbindelse med anlegg av fjernsynsender der, er nå bestilt, forteller utbyggingssjef Odd Granlund til "Haugesunds Avis". Banen er stukker ut og en rekner med at taubanen vil bli satt opp i denne eller neste måned.

Anbudsinnbydelsen på de resterende arbeidene er ikke sendt ut ennå, men Granlund mener likevel at råbygget skal stå ferdig i løpet av sommeren eller høsten.

På Boknafjellet vil det bli bygd en lav bygning, et såkalt flatbygg, og en gittermast som blir 150 meter høy. Sendingen antas å kunne ta til i løpet av første halvår 1961.

- Hvor mye kommer anlegget på Boknafjellet til å koste?

- Vi rekner med at stasjoner av denne størrelsen kommer på ca. 2 millioner kroner.

- Aksjonsradien?

- Det foreligger målinger og vi har meget gunstige måleresultater langt nedover Jæren.

For Sunnhordalands vedkommende blir det jo overlapping med Bergens fjernsynsender. Selvsagt er det noen få steder hull som ikke vil bli dekket, men

---

VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

NYTT BIBLIOTEKSYSTEM

Biblioteket gjekk i mai over til nytt biblioteksystem, "BIBLIOFIL". Alle som har tilgang til Internett kan nå søkja i biblioteket sin katalog. De kan sjå om biblioteket har boka de ynskjer, om den er på hylla eller er utlånt . Adressa er:

http://www.bokn.folkebibl.no/

BYGDEBOKA

Den slektshistoriske delen av bygeboka er lagt ut på biblioteket. Her kan de i fred og ro kontrollera om opplysningane om familien stemmer, eller det er noko som skal endrast eller leggjast til.

TYSDAG : 10.00 – 13.30

ONSDAG : 16.00 – 19.00

TORSDAG : 10.00 –13.30

TLF. 52 75 25 45

E-POST: lognoey@bokn.kommune.no

BIBLIOTEKET ER STENGT I TIDA: 05.07 – 09.08

GOD SOMMAR TIL SMÅ OG STORE LÅNARAR!

ULVUNGANE FRÅ BOKN TOK 2. PLASS OG MEISANE 5. PLASS UNDER KRETSLEIREN PÅ SANDBEKKEN

Tekst: Leiv Våga
Foto: div. deltakarar

Ulvungane og meisene frå speidaren i Bokn gjorde det skarpt under Haugaland krets sin ulve- og meiseleir på Sandbekken 28. - 30 mai. Under kretsbannekonkurransen kom ulvungane på 2. plass berre eit poeng etter Koparvik som vant. Meisene kom på ein fin 5. plass. Her var det og berre få poeng frå toppen. Det var meisane frå Norheim som vant på jentesida.

Elisa Skeie

240 ungar og leiarar frå Husnes og Bømlo i nord til Bokn i sør deltok på leiren. Ulvungar frå Bokn som deltok var: Andrej, Kjetil, Tommy, Joacim, Henrik, Lars Andre og Ivar. Meiseflokken bestod av Kristiane, Linn, Hanne Marte, Anita, Runa, Elisa og Natalie.

Leiren starta opp fredag kveld. Då var det å setja opp telt og ordna seg til før det var kveldsmat. Og regnet byrja koma så smått då kvelden vart avslutta med leirbål. Men det såg bra ut då alle englebarna roa seg i telta. Men utpå natta braka det laus. Regnet fossa ned, og det laga seg ein fin liten bekk gjennom jenteteltet. Sletta som teltleiren låg på, var nemleg trakka sund av hestar i pinsehelga (då det var fjordingstreff på Sandbekken). Men ingen drukna, og både ungar, kler og soveposar vart tørka i løpet av laurdagen.

Første post på programmet på laurdagen var frokost. Deretter hadde me ein spanande bibeltime som handla om israelittane si vandring i øydemarka. Så kunne speidarane velga kva dei ville vera med på av aktivitetar som: Apebrubygging, hengekøylaging, leik med kvernkallar, kanopadling, barkebåtsmiing, skinnarbeid, primitiv mat og steintrollaging. Leiarar frå Bokn hadde ansvar for fossutbygginga, apebrua, hengekøyene og Tor



Første natta måtte folk inn til tørk.



Frokost etter ei våt natt.

Flittige roverar stod for provianten.



Ved leirbålet.

ORDET FRITT

Svar til Gerd H. Thuestad

Me i 10. klasse vil no skriva nokre ord om klasseturen vår, som har fått så mykje negativ omtale av ovanfornemnde . Det er spesielt finansieringa som er blitt kritisert. Slik me har blitt omtala verkar det som om me er nokre bortskjemde ungdommar som reiste til London for å sløse vekk pengane til foreldra våre.
Turen vart planlagt i september, etter at me hadde fått klarsignal frå foreldra og lærarane som hadde diskutert dette på eit foreldremøte før sumarferien.
Klassen vår har spart pengar i heile 6 år for å få oss ein kjekk avsluttningstur. Det er mange av oss som har vaska hus og passa ungar i fleirfaldige timar, for å lette kostnadene til foreldra våre. Det er difor surt at det i seinare tid har blitt påstått at foreldra våre betalte alt for oss.

For opplysningas skyld kan me meddela at gatene i London var like gode å gå på som dei i Haugesund. Me hadde på førehand fått beskjed om å ta med gode sko, så hard hud under føtene forekom ikkje hos nokon av oss. Det var derfor ingen som hadde behov for noko fotfil. Me vil derfor fråskrive oss alt ansvar for å ha forsøpla veggrøfta på Torland med ei fotfil som det står "Made in London" på.

Me skjønar ikkje heilt kvifor du nemnde Fylkessjukehuset i denne samanhengen, men me tyder det slik at dei fortener ros. Så kvifor ikkje gje dei ros? Dei hadde sikkert sett pris på det etter ein litt kvass artikkel i Haugesunds Avis, der rosen du ville gje ikkje kom skikkeleg fram.
Me synest og at det er litt trist at du ikkje kan sjå noko som er positivt her på Bokn.
Til slutt vil me berre seie at me hadde ein fantastisk tur, og har mange gode minner frå London.

Med vennleg helsing frå 10. klasse

Harald var proviantsjef, og med hjelp frå John og Knut Ivar, ansvar for den svert viktige kiosken.

Så var det kretsbannerkonkurransen. Då skulle alt som var lærd i løpet av året, prøvast ut. Ti postar med oppgåver skulle passerast, det var livlinekast, Kims leik, dyrespor, sansetrening lukt og smak, knutar, fyrstehjelp osv. Alle gjekk inn for oppgåvene med ein iver og glød som berre ulvungar og meiser kan ha.

Kvelden vart avslutta med leirbål. Då var det rangerar (speidarjenter over 16) frå Vikebygd
som hadde fått ungar frå dei fleste gruppene til å opptre. Bokngjengen hadde avslutningen med dramatisering av "Jesus stiller stormen". Roverane (speidargutar over 16) frå Bokn kom og sjølvsagt med eit par sprøe innslag.

Det vart stilt i leiren tidleg på laurdagen, og sundagsmorgonen kom med strålande sol. Då hadde me sluttspela i ballkonkurransane, og leiren vart avslutta med speidargudsteneste og premieutdeling der stolte ulvungar frå Bokn tok i mot diplom for 2. plass.

Ein kjempeleir var det, god mat, god kiosk og gilde aktiviteter og gilde ungar. Me var blitt kjende med mange andre speidarar som me vil treffa att i år 2000 på Blikshavn som då er plassen for neste ulve- og meiseleir.

"DER VAR MEGET AV GUDSORD OG SANG"

Kristenliv i Bokn kring 1880

Pastor Adolph Buckneberg var lærarson og prest. Slik hugsa han kristenlivet på Bokn då han var gut:

"I det kirkelige og åndelige kan det vist sies uten overdrivelse at Bokne folket er så bra som folk fra nogen anden bygd i Norge. Her må vi tænke på en anden slags arv vi tok med os fra Bokn. Der var mange kristne hjem og mangen troende far og mor som barna lærte gudsfrygt fra. En stor del av vor skolegang var jo i religions undervisning. Nu er det nok blit mindre av det over hele Norge; men mere av andre fag at lære i skolerne.

Så husker vi foruten gudstjenester i kirken, alle opbyggelser rundt i husene, samt reisende emissærer og lægpredikanter som ofte kom til Bokn. De fleste virket til megen velsignelse, mens enkelte av dem viste sig at være ulve i fåreklær når man fik høre mere om deres liv, men mange var oprigtige og vidnet med kraft om synd og nåde.

Vi husker så godt en T. Dahle fra Stavanger, samt den tordnende T.Rettedal og den blide, milde Aksnes. Vi husker en H. Askeland og en Joe Kvitanes, som ofte var i Bokn og Daniel Bore og gamle Boka-Sivert som man kaldte ham og en hel del fra Haugesund og Kopervik som ofte var i Bokn.

Ja, der var meget av Gudsord og sang, og bøn i Bokn i vor barndoms- og ungdomstid og dertil brukte mange at læse hjemme i husene en prædiken av en postille om søndagen og hadde sang og bøn med familien. Sådant kan ikke let glemmes. Vi tok den arv med os hit og jeg vet der er mange troende, alvorlige kristne av Bokne-folket her i Amerika.

Kan du huske opbyggelserne i Bokn, de søndage der ikke var gudstjeneste i kirken? Snart på Våga, snart Kro, Øvrebø eller Nedrebøe, snart på Sæbø, Buckneberg, Alvestad, Håland eller længer syd og vest på Bokn?

Det var helst på eftermiddagen og der blev aldeles overfyldt hus. Man begyndte med en salme, så var der nogen som talte lidt og holdt bøn. Så sang og derpå at læse teksten og en prædiken av en postille helst Luthers. Helst blev en spurt som kunde læse godt, men det hændte at en som kunde læse mindre flydende også blev valgt, og som ikke uttalte ordene rigtig, eller læste i samme dur hele tiden. Da blev det ofte lidt for længe for oss barn og vi var glad at høre han sa Amen. Men var det derimot en som læste godt så kunde selv vi barn lytte opmerksomt efter.

Efter læsningen var der igjen san og bøn og taler av forskjellige, og mange sange blev sunget utenad av hele forsamlingen."

"Det var pent i Bokn en stille søndags morgen om sommeren når, som det ofte hændte, dampskibet kom gjennom Bokn-sundet med lystreisende, og de hadde sang og hornmusik. Det lød så deilig fra sjøen og opover bakkerne og gav gjenlyd i Langhammer og Boknefjeldet.-

Eller når vi om sommeren kunde gå til Hålandslien eller opp på fjeldet, og se utover alle verdens riker og deres herligheter, eller når vi samledes ved kirken. Først ser du alle båte som kommer fra Østre Bokn, og så kom man i flok og følge på alle veie. Til kirke, til kirke, heter det i en sang. Ja, det var et helligt og kjært sted den tid. Alle, både gamle og unge, kom Og kirken blev fuldpakket og der blev sang i kirken som gik høiere indtil op under taket".

Frå "Mindebogen for Boknefolket", lagt til rettes av Birger Lindanger.

FANTASTISK RESPONS!

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

Bygdabladnemndsmedlem og dama bak oppgåvene på "På kryss og tvers"-sidene, Eli Kro, som snart skal til Ukraina med ulike barneprodukt er heilt overvelda, og finn nesten ikkje ord for givargleda til boknarane!

Etter annonsar i bladet der ho håpa å få inn barneklede og barnesko/støvlar for barn 0 – 10 år, sit Eli med imponerande 31 smikkfulle bossekkar med klede, 4 esker med sko, 1eske med leiker, 2 barnevogner og 1 bærebag!! Organisatoren for denne bussturen, som er Karmøy sin representant, er imponert over resultatet frå Bokn, som scorer svært høgt, ikkje minst i forhold til innbyggjartalet.

"Også så mange fine, flotte ting! Mange ser heilt ubrukte ut!" Eli sprudlar av begeistring. I sekkane er barnekleda sorterte etter baby, mellomstorleik og størst. Det same gjeld eskene med sko, og Eli gler seg særleg over at det også kom inn leiker, barnevogner og bærebag. Og dei som trur at Eli har sortert alt dette sjølv, har heilt rett! Og ikkje nok med det, ho har også køyrt rundt på bygda og plukka opp ting frå folk som ikkje har hatt anledning til å levera på skulekontoret, det har nemleg ringt mykje heime hjå Eli dei siste månadene.

Det blir eit enormt lass med barneting Eli får vera med til Ukraina, kjeden *Eurosko* har forresten gitt mange nye sko. Når dei kjem til Ukraina-grensa, blir dei tatt i mot av ein pastor for ein menighet i landet. Dei blir så guida inn til byen Poljana, kor lasset skal plasserast og plomberast på eit lager. Det er menigheten som skal dela ut tinga frå Noreg, på ein barneheim og eit ungdomsfengsel i byane Poljana og Lvov. Representantane frå Noreg skal m.a. gi ungane snop.

Eli har gjort ein kjempeinnsats i dette prosjektet, og har også det pågangsmotet og humøret som må til. Eli ser sikkert fram til denne turen med ulike følelsar. Me ynskjer henne god tur og lukke til, og håpar me får dela inntrykka hennar i eit bygdablad til hausten.

HUGS AT BYGDEMUSÉET ER OPE

kvar sundag kl. 15.00-18.00 i mnd. juni, juli og august.

Bokn bygdemuséum, med over 3.000 gjenstandar, er i høve til folketalet Rogalands best utbygde bygdemusèum. Her kan du gå gjennom kjøkken, bestestove og soverom slik det var fyrst i vårt hundreår. På musèet finn du også skomakarverkstad, skulestove, fiske- og jordbruksavdeling slik dei var for generasjonar sidan.

Dette er dei offisielle vallistene, vedtekne av Valstyret tysdag 1. juni.

BOKN ARBEIDARPARTI

1. Arne Hosaas (ordførarkandidat)
2. Laila Nemeth
3. Birger Lindanger
4. Ingjerd Thuestad
5. Harry Bokneberg
6. Sigmund Våge
7. Arild Ognøy
8. Tone Børgesen Høyland
9. Leif Kjellesvik
10. Kyrre Lindanger
11. Berit Are
12 Bjørn Eirik Gundersen
13. Steeven Høyland
14. Erna Aksdal
15. Trond Almås
16. Arvid Kåre Jøsang
17. Fredrik Faye
18. Geir Aksdal
19. Helge Solberg

BOKN SENTERPARTI

1. Sigrunn Hole Hossas
2. Johannes Nilssen
3. Åse Bratthammer
4. Leif Vatnaland
5. Kleng Våga
6. Kjellaug skår
7. Nils Bjørn Nilssen
8. Wenche Havikbotn
9. Augustin Thuestad
10. Margunn Are
11. Arvid Sæbø
12. June Kro
13. Annbjørn Bokneberg
14. Kristi Laupland
15. Odd Øyvind Hognaland
16. Aud Leidy Gaupås
17. Anette L. Øvrebø
18. Agnes Sæbø
19. Lars Ove Vatnaland
20. Trygve Alvestad
21. Osmund Våga
22. Bjarte Kro
23. Gustav Solberg

Partiet har ingen ordførarkandidat.

BOKN HØYRE

1. Svein ove Alvestad (ordførarkandidat)
2. Per Helge Sunde
3. Ann Elizabeth Strand
4. Finn Kro
5. May Elisabeth Alvestad
6. Edgar Våge
7. Ann Kristin Grønnestad
8. Linda Ognøy
9, Lars Sigmund Alvestad
10. Åse Helen Alvestad
11. Gunnar Bokneberg
12. May Bente Alvestad
13. Leif Hansen
14. Signe Skjelde
15. Einar Tore Øvrebø
16. Else Strand
17. Arthur Alvestad
18. Harry Hognaland
19. Elisabeth Øvrebø
20. Armand Svendsen
21. Jostein Larsen

BOKN KRISTELEGE FOLKEPARTI

1. Sigurd Johnny Svendsen (ordførarkandidat)
2. Ingrid Blikshavn
3. Sigmund Alvestad
4. Tor Harald Alvestad
5. Knut Ivar Alvestad
6. Gunvor Øvrebø
7. Harry Vågshaug
8. Hannemor Alvestad
9. Svein Kro
10. Marit Øvrebø
11. Magnus Blikshavn
12. Reidar Øvreebø
13. Kari Are
14. Anne Marie Bokneberg
15. Mary Øvrebø
16. Margrete Jøsang
17. Karen Hetland

Tekst og foto: Jardar Havikbotn



Servicetorget på Boknatun pr. 5. juni. Skranken er komen på plass, og det er ikkje lenge før kontorpersonalet i kommunen kan flytta ut her. Til venstre på bildet kan ein sjå trappa opp til andre etasje.

Skranken sett innanfrå. Her er godt med rom som skal ein skal ha den kommunale kontoravdelinga i.

Her er kontoret til seksjonssjefen for denne seksjon servicetorg.

Landbrukskontoret er vegg i vegg med banken. På andre sida, mot sør, er Terje Are sitt kontor med kjøkkenkrok, eit bilde som ikkje koma fram i skrivande stund.

Vegg i vegg med landbrukskontoret er kulturkontoret, med m.a. den framtidige basen for dette bladet.

LÅTT OG LØYE

med Vegar Våge

HA HA HA

Det er hardt å være barn. D første årene skal man lære seg å snakke og gå. Og når man endelig har lært det, så får man beskjed om å holde munn og sitte stille...

Læreren:- Kurt, hvor ligger Liverpool?
Kurt:- For øyeblikket på toppen av ligaen!!

En bilist kjørte over en bro. Da han var midt ute på broen, ble han stoppet av en politimann:
-Gratulerer! sa konstabelen. -Du er bilist nummer 1000 som kjører over her, og derfor har du vunnet 1000 kroner!
-Jippi! jublet bilisten, -nå har jeg endelig råd til å ta sertifikatet. Kona, som satt ved siden av ham, skjønte at mannen hadde forsnakket seg og sa:
-Ikke hør på ham, konstabel, han er full!
Da hadde bestemor, som satt i baksetet, oppdaget at de var blitt stoppet av politiet:
-Det var det jeg sa. Vi ville ikke komme langt i en stjålet bil!

-Har du forresten hørt om svensken som var så dum at han ikke besto urinprøven?

Læreren tok for seg klassen i norsktimen:
-Hvor mange ganger har jeg sagt at dere ikke skal begynne en setning med "fordi"?
Anne rakte opp hånden og spurte:
-Hvorfor ikke, lærer?
-Fordi jeg sier det...



Hvis vi ikke skynder oss til skolen, så kommer vi for sent! Slapp av, skolen stenger ikke før klokka tre i dag.

-De er anklaget for å ha kastet to jerngryter etter deres kone. Si meg, hvorfor gjorde de det?
-Fordi jeg ikke traff henne med den første.

Vår nabo gir kona si et kyss hver morgen før han går på jobb. Hvorfor kan ikke du også gjøre det?
-Men kjære Monika, jeg kjenner henne ikke!

SISTE NYTT FRA SVERIGE:
Puss skoene med Colgate, så blir det ikke hull i dem.

HO HO HO



Den svenske detektiven som undersøker en rute:
-Dette er verre en jeg trodde! Den er knust på begge sider.



PÅ KRYSS OG TVERS

Vinnarar av maioppgåvene blei:

Oppg. 1 : Merete Ognøy Høyland
Oppg. 2 : Malene Medhaug

GRATULERER!

(Linda Ognøy og Jardar Havikbotn har stått for trekninga).

Vinnarane vil få kvart sitt Bingoflax-lodd.

NYE OPPGÅVER

Innleveringsfrist: 24. juni

Namn:

1

	Blomster	Fugl / Guttenavn		I skogen		Musikkinstr.
Nyvasket / Bær				Fred / På badet		
Nevne			Sint			
			Sitteplass		Dessert	
Fuglemat		På båten				
	Madam / Ikke inn					Sau
På himmelen		Stjele				

LØYSINGAR, MAI:

1

Lyserød	R	Sy-redskap	U	Ikke inn	Varme kilde Spir	S
Pålegg	O	S	T	Tall Midt i ansiktet	T	O
Kan du med nål og tråd Vektøy	S	Y	Sy-redskap	N	Å	L
H	A	M	M	E	R	Ser vi med
Bag	Etui	A	Hvit nedbør På flaska	S	N	Ø
V	E	S	K	E	Havdyr	Y
Fottøy	S	K	O	Titte	S	E
Hus m/ spir Kan vi sitte på	K	I	R	K	E	
B	E	N	K	Smile	L	E

2

A	D	M	I	N	I	S	T	R	A	S	J	O	N
F	R	I	T	I	D		R	E	K	L	A	M	E
T	A	K		T	R	A	U		S	A	K	E	R
E	K	S	T	R	E	M		K	J	E		N	E
N	E		R	A	T	E	R		E	N	S	E	
G		S	E	T	T		E	I	M	E			F
U	T	A	H		S	V	A	D	A		G	R	Å
D		K	U	L	P		K		J	Å	L	E	
S	Y	S	S	E	L		S	L	O		A	L	E
T	R	E		R	A		J	U	R		S	E	X
J	E	N	S		S	M	O	K	I	N	G		E
E	N	E		Å	S		N	A	T		O	R	
N				L		B	Æ		E		W	O	W
E		O	Z		V	E	R	S	T			L	E
S	A		U	T	E		T	I		F	Ø	L	L
T	V	I	L		R	Å		R	Ø	Y		E	T
E		Q	U	E	B	E	C		Y	R	E		E

2 PUSLEKRYSS



JUNI

Årets sjette måned har 30 dager og er oppkalt etter den romerske gudinnen Juno. Hun var Jupiters vakre hustru og ble ansett som himmelens og jordens dronning. Juno var kvinnenes egen gudinne og representerte det typisk kvinnelige. Hun var særlig knyttet til ekteskapog fødsler. Herfra stammer forestillingen om at juni skulle være en spesielt lykkebringende måned å gifte seg i. I vårt land er de gamle betegnelsene på sommermånedene noe usikre. Juni kan ha blitt kalt *solmåned* eller *sommermåned*.

Frå boka "Som året går"

ORDENE SOM SKAL BRUKES

3 bokstaver
APE
BLÅ
GAP
HUS
ORM
SKO
TAM
ØKS

4 bokstaver
IDOL
KYSS
LUDO
UVÆR

5 bokstaver
ATTEN
FROST
POLSK
RAPID
SKATT
STOPP
UVISS

6 bokstaver
ESKIMO
GJEDDE
STRENG

7 bokstaver
KUNSTIG
LAKKERE
POSTBIL
SKOGMUS
UNIFORM

8 bokstaver
NABOGÅRD
SKVETTEN

9 bokstaver
DUKKEHJEM

10 bokstaver
MUSIKKTIME
SPILLEDÅSE
UNGDOMSBOK

SOLSIKKONKURRANSE

Tirsdag 18. mai var 2 stk. frå Hagelaget og planta solsikkefrø med 1. – 7. klasse.

Desse solsikkene er med i konkurransen om å bli høgast. I september vil det bli gitt beskjed når dei skal målast.

I fjor var det Sophie, Rakel og Didrik som fekk dei høgaste.

Lukke til !

BOKN KOMMUNE
SEKSJON SOSIAL

ETABLERINGSLÅN, UTBETRINGSLÅN OG BUSTADTILSKOT

ETABLERINGSLÅN
kan ein søkja om til oppføring, utbetring eller kjøp av bustad, eller til refinansiering av dyre private lån for særleg prioriterte grupper.
Det er ein føresetnad at søkjaren er i stand til å betala renter og avdrag på lånet.

UTBETRINGSLÅN
kan ein gi til heilårsbustader der lånsøkjar fyller eit eller fleire av fylgjande vilkår:
- er over 60 år
- er funksjonshemma
- har særleg sosialt behov

Vanleg vedlikehald fell utanfor ordninga.

BUSTADTILSKOT TIL ETABLERING I BUSTAD
skal hjelpa vanskelegstilte grupper med svak økonomi til å få ein nøktern og eigna bustad. Tilskot til personar utan nødvendige økonomiske midlar kan gå til fylgjande:
- fysisk og psykisk funksjonshemma
- særleg vanskelegstilte husstandar
- unge i etableringsfasen

Tilskotet er behovsprøvd etter søkjaren si inntekt.

Søknadsskjema og nærare opplysningar om etableringslån og bustadtilskot til etablering kan ein få ved å kontakta sosialkontoret, Boknatun, 5561 Bokn, tlf 52 75 25 04.

St. Hans

Det brann bål på
haugar og hamrar,
og kvelden var skimrande blå.
Det var fyrste gongen
eg såg deg.
Det var deg eg venta på.

Den gnistrande elden spraka,
logen gløda mine kinn,
og trekkspelets lengtande
tonar,
gav gjenklang i hjarta
og sinn.

To par augo møttest,
i strålande eld og glans.
Kjærleik og voner føddest,
i voggande midt-sumars dans.

Då bålet brann ned
og slokna,
vandra vi hand i hand.
Under treet si mektige kruna,
knytte vi truskaps-band.

Det stilna frå haugar
og hamrar,
det var Jonsok-natt
og sumar.



Dikta er henta frå boka: *Treet og Frøet* av Oddrun Vie Moberg, frå Åkrehamn, busett på Randaberg.

Stille morgon

Tidleg morgon
full av lys og luft
og sumar,
due-kurr på mønetaket,
dogg-vått spor
i grøne graset,
blomar reiser seg
og vaknar,
liten kjælen vind,
stryk seg mellom
kvit gardin.
Natta er ein draum,
eit minne,
solgløtt kysser
varmt på kinnet,
dagen opnar opp
for livet.

Regatta Flyteprodukter til fordelaktige priser!

- Flyte / arbeidsdresser:
Div. modeller fra kr. 1.490,-

- Vannavstøtende, vindtette og varme flytegensere:
Div. modeller fra kr. 1.450,-

- Redningsvester for barn og voksne:
Mange forskjellige modeller fra kr. 299,-

- Flytevester:
Div. modeller fra kr. 229,-

Alle produkter er bestillingsvare.

Noen av produktene kan sees og prøves.

Alle priser er inkl. mva.!

Fritt levert Bokn

NILSSEN & HØYLAND A/S

TLF. 52 74 86 74 / 916 13 339 / 911 27 101

Hjertelig takk for oppmerksomheten ved våre 70-års dager!

Synnøve og Bjarne Våge

Du er velkommen med gratis takkeannonse i bladet!

BOKN HAGELAG UTLEIGE

Plentrommel	kr. 150,-	(medl.)
	kr. 50,-	(ikkje medl.)
Tilhengar	kr. 75,-	(medl.)
	kr. 100,-	(ikkje medl.)
Plenluftar	kr. 75,-	(medl.)
	kr. 150,-	(ikkje medl.)
Jordfresar	kr. 100,-	(medl.)
	kr. 200,-	(ikkje medl.)
Høgtrykkspylar	kr. 100,-	(medl.)
	kr. 200,-	(ikkje medl.)

Utstyret er hos Otto Fostenes
tlf. 52 74 82 44

TUSENÅRSSONGEN

Likar du å dikta/komponera?

Tusenårssongen om Bokn bør handla om kommunen før, no, og framover. Tekst, eller tekst og melodi sender du til kulturkontoret innan 1. juli.

KULTURPRISEN 1999

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 1999.

Prisen, som blir delt ut til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Tidlegare kulturprisvinnarar er Eivind Øvrebø (1993), Målfrid Kro Trosnavåg (1995), og Olaug Hognaland (1997). Stikkord for desse personane har vore *bygdemuseet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigurar, tradisjon, og diktar– og forteljarevner.*

Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år. Skriv eit brev til kulturkontoret og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.

FRIST: 1. AUGUST

Nær Butikken

- for stort og smått

Gratis vareutkøyring kvar fredag!

Alvestadkroken Landhandel

Norsk Tipping – Tankanlegg
5561 Bokn Tlf. 52 74 83 14

Me har ope:

Måndag – torsdag	09.00 – 17.00
Fredagar	09.00 – 18.00
Laurdagar	09.00 – 14.00

Bruk nærbutikken mens du er ung, så er han der når du blir gammel og tung!

Helsing Tor Harald & Marit

Wenche L. Havikbotn
5561 BOKN
C

BOKN H-LAG

• Dagligvarer • Bensin–Diesel
• Medisinutsalg • Driftsmidler
• Postfilial • Bank i butikk

SMARKED

BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

4150 Rennesøy

Tlf. 51 72 36 15 Mobil 94 67 28 48

HALLO, NABOAR I NORD!

Me er eit entreprenørfirma fra Rennesøy som driv med gravemaskinar, 4 stk. fra 1,5 til 20t. Har også tippbilar.

Me utvider gjerne arbeidsfeltet vårt og reiser gjerne over fjorden for oppdrag.

Me utfører alt innan graving og transport. Fjell er ingen hindring. Me forhandlar plast– og sementrøyr, samt alle typar av sand, singel og grus.

Ta gjerne kontakt for ein uforpliktande samtale.

Vennlig helsing Bjørn Lindanger

tlf. dag 946 72 848
kveld 51 72 36 15

ØYREPYNT OG BUNADRING SOM ER FUNNE:



TINGA ER PÅ KULTURKONTORET

TILBUD
STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.
Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes,
4150 Rennesøy
51 72 32 87 946 70 873

Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord	
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye
52 75 25 07	Kommunekasserar	Harald Bokneberg
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Karin Svendsen
52 75 25 11	Økonomisjef	Solrunn Alvestad
52 75 25 15	Telefaks Boknatun	
52 75 25 30	Bokn sjukestove/vakt	
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar	Laila Nemeth
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag
52 75 25 43	Helsesøster	Eva B. Svendsen
52 75 25 45	Biblioteksjef	Linda Ognøy
52 75 25 47	Ordførar	Sigrunn H. Hosaas
52 75 25 47	Kyrkjeverge	Svanhild Alvestad
52 75 25 50	Rektor/seksjonssjef skule	Dag Halvorsen
52 75 25 51	Undervisningsinspektør	Ingjerd Thuestad
52 75 25 54	Barnevernleiar	Eva Moi
52 75 25 66	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard
52 75 25 67	Telefaks skulen	
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth
52 75 25 70	Petra Fritidsklubb	(På klubbkveldar)
52 75 25 80	Tannlege	Else Kjellesvik

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR
Bokn kommune
5561 BOKN
Tlf 52 75 25 00
Fax 52 75 25 15
E-postjhavikbotn@bokn.kommune.no
Bankgirokonto 3373 07 00305
Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND
Arvid K. Jøsang
Eli Kro
Reidun Grønnestad

REDAKTØR
Jardar Havikbotn
Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON
Jardar Havikbotn
Reidar Alvestad
Linda Ognøy

ABONNEMENT
Kr. 150,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartside	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Privatann.	kr. 30,-
Fastann.	etter avtale

FRIST FOR STOFF
Den 1. i kvar mnd. bladet kjem ut

BLADET KJEM UT
2. veka i alle mnd. utanom januar og august

FORSIDE
Gullspenne, Nedrebø - diameter 7,6 cm
frå Vikingtid (900 - 950 e.Kr.)

STØNAD TIL DELTAKING PÅ KURS
- for lag og organisasjonar -

Driftsstyret kan yta stønad til deltaking på kurs/ konferansar som tar sikte på skolering av laget sine medlemmer, samt utdanning av leiarar og tillitsmenn. Slik stønad kan søkjast gjennom heile året, og gjeld berre for deltakarar frå lag og organisasjonar i Bokn kommune. Søknad kan sendast før påmelding til kurs/ konferanse, og svar om kommunal støtte blir gitt innan to veker etter mottatt søknad.

<u>I søknaden skal desse opplysningane stå:</u>

- kurslengde
- arrangør
- program
- opphalds- og kursavgift
- utgifter til materiell og reise
- namn på kursdeltakarane frå laget

Vennligst bruk denne rekkefølga i søknaden samt at det blir lagt ved dokumentasjon av det som blir søkt støtte til.
Tilskot kan ytast med inntil 50% av samla utgift til reise, opphalds- og kursutgifter.

Det er viktig med kursverksemd, ikkje minst med tanke på inpirasjon og utvikling i laget. Med dette vil kommunen oppfordra dei laga som ikkje nyttar seg av dette tilbodet om å gjera det.

Bokn skule
Lærarrommet
5561 BOKN

A-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
4290 BOKN

KULTURKALENDEREN

JUNI
13.: *Gidion, Bokn bedehus kl. 19.30*

14.: *Blåtur, Bokn skule - vérforbehold*

15.: *Idrettsdag, Bokn skule - vérforbehold*

17.: *Avslutningsfest for 10. klasse*

18.: *Skuleavslutning*

23.: *Jonsokfeiring i Peraliå, arr. 1. Bokn KFUM/Bokn !. KFUK*

27.: *Firebruersløpet/Bruamarsjen, arr. BIL*

JULI
04.: *Funksjonærløp, arr. BIL*

10.: *Marknadsdag i Krojen kl. 10.00*

AUGUST
06.-
10.: *Speidarleir på Bømlo*



JUNI
27.: *Gudsteneste kl. 19.00 – utegudsteneste i Loten saman med Tysvær*

JULI
18.: *Gudsteneste kl. 11.00*

Nye arrangement som skal inn i kulturkalenderen må meldast til redaktøren.

LIKNINGSKONTORET
Kontordagar i Bokn tysdag og torsdag kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 52 74 85 13

Måndag, onsdag og fredag kontordagar ved Tysvær liknings- og folkeregister i Aksdal kl. 08.00 – 15.00 tlf. 52 77 54 10

Gaute Kro likningssjef i Bokn

LANDBRUKS-KONTORET
Kvar fredag kontordag i Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset jordbrukssjef

ORDFØRAREN **er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 09.00 - 15.00**

Direktenr. 52 75 25 47

P.g.a. ein del møteverksemd er det lurt å ringja på førehand.

PSYKIATRISK SJUKEPLEIAR-TENESTE
Tysdag kl. 08.00 – 15.00
Onsdag kl. 17.00 – 22.00
Fredag kl. 10.00 – 13.00
på det gamle fysioterapirommet.
Direktenr. 52 75 25 36

Laila Nemeth psykiatrisk sjukepleiar

BOKN FYSIOTERAPI
Tysdag og torsdag kl. 9.00 – 15.30

Direktenr. 52 75 25 33

Geir Austvik fysioterapeut

BARNEVERNLEIAREN
Kontordag tysdagar, elles etter avtale.

Direktenr. 52 75 25 54 - Mob. 946 78 919

Eva Moi barnevernleiar

BOKN HELSESTASJON
Kontordagar tysdag og torsdag. Open helsestasjon torsdagar 9-11.30 - elles etter avtale.

Direktenr. 52 75 25 43

Eva Brunborg Svendsen helsesøster

FOTTERAPI
på fylgjande datoar:

18.06 – 09.07 – 20.08

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen fotterapeut